

EID KOMMUNE
SERVICE-/FELLESSEKRETARIAT

Helse- og omsorgsdepartementet
P.b. 8011, Dep

0030 OSLO

Vår ref.
14/193-3/K2-G21//TMO

Dykkar ref.

Dato:
31.03.2014

HØYRING - RESERVASJONSORDNING FOR FASTLEGER

Viser til høyringsbrev datert 21.01.14

Eid kommunestyre har i møte den 27.03.2014 sak 028/14 gjort slikt vedtak:

1. *Eid kommune meiner at det ikkje skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme om legar skal ha moglegheit til å reservere seg frå å tilvise kvinner som ynskjer abort.*
1. *Eid kommune ynskjer ikkje å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.*
2. *Eid kommune sluttar seg til framlegg til uttale fremja av Grethe Dahl Sandven i kommunestyremøtet.*

Framlegget vart vedteke mot 3 røyster.

Grethe Dahl Sandven sitt framlegg til uttale:

"I eit høyringsnotat regjeringa har sendt ut til kommunane, blir det opna for at den enkelte kommune sjølv kan gjere avtale om reservasjonsrett for legar som er motstandarar av abort. Kommunane skal etter regjeringa sitt framlegg ha høve til å inngå slike avtalar, men har ingen plikt til å gjere det.

Abortlova av 1975 gir allereie reservasjonsrett for sjukehuspersonell til å utføre eller delta i abortinngrep. Framlegget om at fastlegar skal kunne reservere seg frå å tilvise til abort går etter kommunestyret si oppfatning langt utover det som ligg i abortlova.

Ettersom pasienten sine rettar er lovfesta, er både kommune og den enkelte fastlege forplikta til å syte for at ingen skal få eit dårlegare tilbod ved at fastlegar eventuelt reserverer seg mot enkelte deler av det offentlege helsetilbodet. Dette betyr blant anna at legar som sjølv ikkje vil tilvise til abort, må tilvise til ein annan lege som så kan tilvise. Ei slik ordning vil føre til

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00

Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no
Heimeside:
<http://www.eid.kommune.no>

lenger saksgang ved tilvising, noko som i seg sjølv vil vere ei meirbelastning for dei pasientar det gjeld. Regjeringa vedgår også at ei slik ordning vil føre til meirkostnader for kommunane.

Stortinget må definere lovverket og ikkje overlate til kommunane å lage eigne lokale reglar i ei lovbestemt sak.

Vi registrerer også at eutanasi (aktiv dødshjelp) vert drege inn i høyringsnotatet. Forslag om å tillate eutanasi er etter vårt syn ein heilt annan diskusjon og høyre ikkje heime i dette notat.

Konklusjon:

Eid kommunestyre ynskjer ikkje innstrammingar i høve dagens abortlovgjeving og vil heller ikkje opne for at fastlegar i kommunen skal kunne reservere seg mot å tilvise til abort."

Viser elles til vedlagde særutskrift av KS-sak 028/14

Med helsing

Rune Engeseth
Kommunalsjef

Terje Moldestad
avdelingsleiar
5788 5890



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Eid råd for funksjonshemma	12.03.2014	006/14	REN
Driftsutvalet	13.03.2014	016/14	REN
Kommunestyret	27.03.2014	028/14	REN

Avgjerd av: Saksbehandler: Rune Engeseth	Arkiv: G21 Objekt:	Arkivsaknr 14/193
---	-------------------------------------	-----------------------------

Høyring - Reservasjonsordning for fastleger.

Prenta vedlegg:

- Høyringsnotat.
- Framlegg til høyringsuttale frå Eid kommune

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Helse og omsorgstenestelova
- Pasient- og brukarrettighetslova.

- Forskrift om endring i fastlegeforskrifta (forskrift 29.august 2012 nr.842 om fastlegeordninga i kommunane) og forskrift om pasient – og brukerrettigheter i fastlegeordninga (forskrift 29. august 2012 nr.843)

Kva saka gjeld:

Høringsnotatets hovedinnhold. (heile notatet følger som vedlegg)

«Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i dette høringsnotatet en tilføyelse i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 tredje ledd. Tilføyelsen skal gi hjemmel til forskrifter om mulighet for fastleger til å reservere seg mot henvisning og behandling ved alvorlige samvittighetskonflikter knyttet til liv og død. **Med alvorlige samvittighetskonflikter knyttet til liv og død menes først og fremst abort. Hjemmelen vil imidlertid også omfatte forskrifter om reservasjon mot aktiv dødshjelp dersom dette skulle bli tillatt.** Hjemmelen skal ikke omfatte forskrivning eller innsetting av prevensjon eller henvisning til assistert befruktning.

Videre foreslår departementet en endring i pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 c fjerde ledd. Endringen skal gi grunnlag for forskrifter om utvidet rett til å skifte fastlege for pasienter som står på liste hos en fastlege som har reservert seg mot henvisning til abort. I høringsnotatet foreslår departementet også endringer i fastlegeforskriften (forskrift 29. august 2012 nr. 842 om fastlegeordningen i kommunene) og i forskrift om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen (forskrift 29. august 2012 nr. 843).

Kommuner skal få adgang til å inngå avtaler med fastleger om at disse kan reservere seg av samvittighetsgrunner mot å henvise kvinner til abort. Fastlegen som reserverer seg må sørge for at kvinner på hans eller hennes liste som vurderer eller ønsker henvisning til abort, får tilbud om konsultasjon hos en annen fastlege i nærheten senest innen neste virkedag. Før kommunen kan inngå avtale om reservasjon, må fastlegen dokumentere at han eller hun har inngått en skriftlig avtale med en kollega som forplikter seg til å ta imot og henvise de aktuelle kvinnene.

Fastlegen som har reservert seg skal også informere kvinner på sin liste som vurderer eller ønsker henvisning til abort om at de kan henvende seg direkte til sykehuset uten henvisning fra fastlege.

Personer som står på listen til en fastlege som reserverer seg, skal få rett til å skifte til en fastlege som ikke har reservert seg. Dette skiftet skal ikke regnes som et skifte etter reglene om inntil to skifter per kalenderår. Før kommunen kan inngå en avtale om reservasjon, må den forsikre seg om at det er andre fastleger i nærheten med åpne lister slik at de som ønsker det kan skifte til en fastlege som ikke har reservert seg.

Fastlegen skal informere alle sine eksisterende listeinnbyggere om reservasjonsavtalen straks avtalen er inngått. Kommunen skal sørge for at alle innbyggerne får informasjon om hvilke leger som til enhver tid har reservert seg slik at innbyggerne er kjent med det når de skal velge fastlege. Dette kan for eksempel fremgå av nettsiden for skifte av fastleger – MinFastlege. Forslagene i denne høringen er en oppfølging av Regjeringens samarbeidsavtale med KrF der partene ble enige om at det skal gis reservasjonsmuligheter for fastleger etter dialog med Den norske legeforening. Avtalen er fulgt opp i Regjeringsplattformen."»

Bakgrunn for saka:

I brev til Rådet for legeetikk 24.februar 2009 og brev til legeforeninga 23.juni 2009 uttrykte Helse og omsorgsdepartementet aksept for ei ordning der kommunar gav legar moglegheit til å overlate henvisning til assistert befruktning til andre legar. Uttalen gjaldt almennlegar generelt og ikkje fastlegar spesielt.

Blant andre legeforeninga og landsforeninga for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LLH) reagerte på desse uttalene. LLH viste mellom anna til at dei hadde fått mange henvendelsar frå lesbiske om ubehagelege opplevingar knytt til legar som nekta å henvise til assistert befruktning.

Etter ein nærare gjennomgang av det juridiske grunnlaget for reservasjon, fant departementet at fastlegeforskrifta frå 2001 ikkje opnar for at fastlegar med listeansvar kan få tilgang til å reservere seg mot å henvise til abort og assistert befruktning, eller til å skrive ut eller sette inn prevensjon.

Legeforeninga behandla spørsmålet om fastlegar skal kunne reservere seg mot å henvise til abort på landsstyremøte 6.juni 2013 og fatta fylgjande vedtak:

«Legeforeninga meiner at alvorlege samvitsgrunnar knytt til liv og død kan gje grunnlag for at legar vert gjeve reservasjonsmoglegheit for deltaking i henvising og behandling. Legers reservasjonsmoglegheit skal ikkje vere til hinder for befolkningas lovbestemte rettigheter. Reservasjonsmoglegheitene må difor vurderast lokalt i helsetenesta på ein slik måte at disse omsyn vert ivaretekne. Pasientane skal alltid verte møtt med forståing og respekt. For utsjånaden for pasientane må sikrast gjennom god informasjon»

Stålsettutvalet drøfta spørsmålet (jfr.NOU 2013) og eit fleirtal i utvalet (11 av 15) ville ikkje tilrå å gje fastlegar rett til å reservere seg mot å henvise til abort, assistert befruktning eller til å skrive ut eller sette inn prevensjon.

Saksutgreiing:

Ei nasjonal kartlegging av omfanget av samvitsbaserte skriftege avtalar om reservasjonar i helsetenestene som helsedirektoratet gjennomførte i 2011, synte at det er eit avgrensa tal reservasjonar nasjonalt. Frå primærhelsetenesta (kommunane) er det rapport 16 tilfelle, og frå spesialisthelsetenesta (sjukehusa) er det rapport 79 fritak som gjeld svangerskaps avbrot. Eit klart fleirtal av desse var jordmødre.

I Eid kommune er det 6 legar med fastlegeavtaler. Avtalene vart inngått i 2001 og fram til 2014 har ikkje reservasjon knytt til henvisning til abort vore eit aktuelt tema.

Legane i Eid har få kontakter knytt til slike henvisningar, i gjennomsnitt ca 1 kontakt pr lege pr år, og omfanget har gått ned dei seinare åra. Truleg skuldast det betre kjennskap til at ein kan ta direkte kontakt med sjukehus og at bruk av og tilgjenge til »angrepille» har auka dei seinare åra.

Totalt gjennomfører legane i Eid ca. 19000 konsultasjonar, eller ca 3200 konsultasjonar pr lege år. Berre ca 0,03 promille av legane si tid går såleis med til denne problemstillinga.

Det er likevel viktig for dei kvinnene det gjeld å få tilgang til trygg og god helsehjelp.

I fylje abortlova § 2 andre ledd, har kvinner rett til sjølvbestemt abort om inngrepet vert utført før utgongen av tolvte svangerskapsveke.

Dei regionale helseføretaka har ansvar for at kvinna får oppfylt retten til abort. Helseføretaka skal organisere sjukehusenestene slik at kvinne innanfor helseregionen til ei kvar tid kan få utført abort jfr. Abortlova § 14.

I tida etter at abortlova vart vedtatt har einsskilde legar praktisert ei reservasjonsordning

I departementets rundskriv I-4/2011 heiter det: «*Almennlegar og fastlegar knytt til den kommunale helse og omsorgstenesta har i dag ingen lov- eller forskriftsfesta rett til å reservere seg av samvitsgrunnar. Når det gjeld spørsmål om en lege av samvitsgrunnar skal ha moglegheit til å reservere seg mot å utføre bestemte oppgåver må ein skilje mellom almennlege og fastlege. Med fastlege meiner ein lege som har inngått avtale med ei kommune om deltaking i fastlegeordninga. (Jfr fastlegeforskrifta § 2)*»

Når det gjeld fastlegar ,uavhengig om dei er sjølvstendig næringsdrivande eller ikkje, har ikkje kommunen heimel for å frita legen for oppgåve som er pålagt ved lov eller forskrift.

Dei viktigaste problemstillingane/ dilemma i denne saka:

1. Kvinners rett til lovfesta helsehjelp hos sin fastlege.
2. Leger sin mulighet til reservasjon frå norsk lov i forhold til to konkrete oppgåver som dei av samvitsgrunnar /overbevisning ikkje vil/kan utføre.
3. Skal evt avgjerd om moglegheit for reservasjon vere eit lokalt politisk tema, eller eit nasjonalt felles regelverk ?
4. Skal reservasjon knytt til ei problemstilling , som pr i dag ikkje er ein del av norsk lov, innarbeidast i denne forskrifta ?(eutanasi)

Tilråding i saka og vedlagt framlegg til uttale frå Eid kommune , avspeglar vektlegging av desse elementa.

Økonomiske konsekvensar:

Høyringsnotat har ingen økonomiske konsekvensar av noko omfang.

Vurdering:

Kommunen har ansvar for å organisere fastlegeordninga. Kommunen skal sørge for eit tilbod om almennlegeteneste og at eit tilstrekkeleg tal legar deltar i fastlegeordninga slik at alle som ynskjer det får tilbod om plass på ein fastlege si liste.

Det skal etter forslaget difor vere kommunane som vurderer ut frå lokale forhold om det er nok tilgang til fastlegar til at ein eller fleire av fastlegane i kommunen kan reservere seg mot å henvise til abort utan at det inneber urimeleg ulempe for kvinnene som vert rørt.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Eid kommune meiner at det ikkje skal vere opp til den einsskilde kommune å bestemme om legar skal ha moglegheit til å reservere seg frå å henvise kvinner som ynskjer abort.
2. Eid kommune ynskjer ikkje å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.
3. Eid kommune sluttar seg til framlegg til uttale som ligg ved saka.

13.03.2014 DRIFTSUTVALET

Framlegg til nytt høyringsnotat/fråsegn frå KRF:

Høyringsuttale frå Eid kommune i høve reservasjonsordning for fastlegar.

Departementet foreslår å opne opp for at kommunar sjølve kan inngå avtale om reservasjon med fastlegar som av samvitsgrunnar ikkje ynskjer å tilvise kvinner til abort.

1. Eid kommune vil understreke at pasientrettane, etter norsk lov, skal ivaretakast av alle deler av helsetenesta. Samvitsgrunnar for helsepersonell, i spørsmål knytt til etiske refleksjonar om liv og død, må likevel anerkjennast og, så langt det er mogleg, takast omsyn til.
2. Det er grunnleggande viktig for eit demokratisk fleirtal også å anerkjenne at eit mindretal kan ha rettmessige samvitsutfordringar i spørsmål som ikkje er problematiske for fleirtalet.
3. Det er allment godteke at helsepersonell kan reservere seg mot å delta i abortinngrep. Ein tilsvarande mulighet bør også finnast for fastlegar i spørsmålet om å tilvise til abort.
4. Ein slik reservasjonsmulighet bør heimlast i lov eller forskrift, og ikkje overlatast til kommunane.
5. Kommunen sitt syn i denne saka handlar om mulighet til reservasjon og ikkje om abortlovgjevinga.

Det vart røysta over KRF sitt framlegg til høyringsfråsegn. Framlegget fall: 7 mot 1 røyst.

Det vart så røysta punktvis over framlegget frå rådmannen i 3 punkt.

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst.

Punkt 3 vart vedteke mot 1 røyst.

DFU-016/14 VEDTAK:

1. Eid kommune meiner at det ikkje skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme om legar skal ha moglegheit til å reservere seg frå å henvise kvinner som ynskjer abort.
2. Eid kommune ynskjer ikkje å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.
3. Eid kommune sluttar seg til framlegg til uttale som ligg ved saka.

12.03.2014 EID RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA

ERF-006/14 VEDTAK:

1. Eid kommune meiner at det ikkje skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme om legar skal ha moglegheit til å reservere seg frå å henvise kvinner som ynskjer abort.
2. Eid kommune ynskjer ikkje å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.
3. Eid kommune sluttar seg til framlegg til uttale som ligg ved saka.

27.03.2014 KOMMUNESTYRET

Innstillinga frå driftsutvalet ligg til grunn for handsaminga av saka.

Framlegg frå Grethe Dahl Sandven (Venstre) til ny resolusjonstekst om reservasjonsrett, jmf pkt 3 i innstillinga til vedtak:

"I eit høyringsnotat regjeringa har sendt ut til kommunane, blir det opna for at den enkelte kommune sjølv kan gjere avtale om reservasjonsrett for legar som er motstandarar av abort. Kommunane skal etter regjeringa sitt framlegg ha høve til å inngå slike avtalar, men har ingen plikt til å gjere det.

Abortlova av 1975 gir allereie reservasjonsrett for sjukehuspersonell til å utføre eller delta i abortinngrep. Framlegget om at fastlegar skal kunne reservere seg frå å tilvise til abort går etter kommunestyret si oppfatning langt utover det som ligg i abortlova.

Ettersom pasienten sine rettar er lovfesta, er både kommune og den enkelte fastlege forplikta til å syte for at ingen skal få eit dårlegare tilbod ved at fastlegar eventuelt reserverer seg mot enkelte deler av det offentlege helsetilbodet. Dette betyr blant anna at legar som sjølv ikkje vil tilvise til abort, må tilvise til ein annan lege som så kan tilvise. Ei slik ordning vil føre til lenger saksgang ved tilvising, noko som i seg sjølv vil vere ei meirbelastning for dei pasientar det gjeld. Regjeringa vedgår også at ei slik ordning vil føre til meirkostnader for kommunane.

Stortinget må definere lovverket og ikkje overlate til kommunane å lage eigne lokale reglar i ei lovbestemt sak.

Vi registrerer også at eutanasi (aktiv dødshjelp) vert drege inn i høyringsnotatet. Forslag om å tillate eutanasi er etter vårt syn ein heilt annan diskusjon og høyre ikkje heime i dette notat.

Konklusjon:

Eid kommunestyre ynskjer ikkje innstrammingar i høve dagens abortlovgjeving og vil heller ikkje opne for at fastlegar i kommunen skal kunne reservere seg mot å tilvise til abort."

Sigrunn Stokkenes, Krf, fremja Krf sitt framlegg frå handsaminga i Driftsutvalet.

Det var først røysta over framlegget frå Krf. Framlegget fall mot 3 røyster.

Det vart så votert punktvis over punkt 1 og 2 i innstillinga frå driftsutvalet.

Punkt 1 vart vedteke samrøystes.

Punkt 2 vart vedteke mot 2 røyster.

Det vart til slutt votert over framlegget frå Venstre ved Grethe Dahl Sandven som alternativ uttale i punkt 3 i innstillinga frå driftsutvalet.

Framlegget vart vedteke mot 3 røyster.

KS-028/14 VEDTAK:

1. Eid kommune meiner at det ikkje skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme om legar skal ha moglegheit til å reservere seg frå å tilvise kvinner som ynskjer abort.
2. Eid kommune ynskjer ikkje å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.
3. Eid kommune sluttar seg til framlegg til uttale fremja av Grethe Dahl Sandven i kommunestyremøtet.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-

